

Retningslinjer oppretting av klassekonto

Når og korleis opprette ein klassekonto:

Klassekonto kan opprettast frå 1. klasse gjennom FAU. Klassekonto opprettast ved å ta kontakt med leiar i FAU, som er ansvarleg for å opprette og gi nødvendige tilgangar. Kvar klassekonto skal merkast med klassen sin «årgang». Klasserepresentant(ane) disponere konto i tidsrommet dei er klasserepresentant(ar).

Endring av foreldrerepresentantar:

Når nye foreldrerepresentantar blir valde skal avtroppande klasserepresentant(ar) sende oppdatert oversikt over kven som er nye foreldrerepresentantar. FAU leiar skal vidare syte for at nye foreldrerepresentantar får tilgang til konti for vald periode.

Dokumentering:

Klasserepresentant(ar) er ansvarleg for å føre oversikt over innbetalingar/utbetalingar og oversende til leiar FAU innan 30.01.202x i nytt kalendarår.

Bilag:

FAU leiar skal innhente årsoppgåver for kvar klassekonto. Denne er tilgjengeleg i nettbank bedrift.

Avslutning av klassekonto:

Når formålet med oppretting av klassekonto (klassetur eller liknande) er gjennomført i 10. klasse skal foreldrerepresentantar dette året melde tilbake til leiar i FAU at konti kan avsluttast.

Misbruk av klassekonto og/eller lagskonto:

Bruk og disponering av klassekonto er ei tillitsbasert ordning, og misbruk/underslag av konti vil medføre politimelding. Ansvarleg er styret i FAU.